

Uskedal eller Uskedalen?

28.06.2012



Blikk på Uskedalen frå Skorpo

Ein av dei trufaste lesarane våre har merka seg at det i venstre marg står uskedal idrettslag og uskedal elveeigarlag medan nettsida til elveeigarlaget skriv uskedalen elveeigarlag og idrettslaget nyttar uskedal. Vedkommande vil veta hva som er rett og her kjem det rette:

Der stadnamnet Uskedalen er brukt til eit lagsnamn og firma bruker vi ubunden form og difor heiter det:

Uskedal ungdomslag
Uskedal helselag
Uskedal kyrkje
Uskedal idrettslag
Uskedal båtlag
Uskedal trelastlager

Men så har det svikta når det gjeld:

Uskedalen utvikling
Uskedalen grunn- og elveigarlag